

S K Ø Y T E .

Dagbok nr.

06744 31.12.63

NORDHORDLAND
SØRENSKRIVAREMBETE

Staten v/ Hordaland fylkeslandbruksstyre skøyter og over-
dreg med dette gnr. 50, bnr. 3, Veset søndre, skyld 2,65 mark
i Haus herad til Kaare Veseth, født 24/8-1912. Staten v/
fylkeslandbruksstyret overdreg eiedomen slik som staten eig
han etter skøyte dagsett 27/7-1963.

Skøytinga skal fullt ut vera i samsvar med kjøpekontrakt
som er underskriven av Kaare Veseth den 14/12-1963 og for
staten v/ fylkeslandbruksstyret 17/12-1963. Av omsyn til
tinglysinga av overdraginga, tek vi her med frå denne kjøpe-
kontrakt fylgjande:

"Kaare Veseth tek over gnr. 50, bnr. 3 med alle hefte
(både tinglyste og moglege ikkje tinglyste) som kviler på
eiedomen, jfr. panteattest frå 12/7-1962. Han har alt tid-
legare teke på seg det økonomiske ansvar for desse hefta, og
frå han skriv under på denne kontrakt tek han og over alt
anna ansvar for desse hefta.

Staten v/ fylkeslandbruksstyret har tileigna seg gnr. 50,
bnr. 3 i Haus etter reglane i jordlova frå 18/3-1955, og
kap XII (Avgrensingar i eigarrådvellet) i denne lova gjeld
for Kaare Veseth og for seinare eigarar av gnr. 50, bnr. 3
i Haus. Verdet etter § 50 i same lov vert å setja til
kr. 25.000,00 - kronertjuefemtusen oo/loo - .

Gnr. 50, bnr. 3 i Haus skal nyttast som tilleggsjord til
Kaare Veseth sin eiedom, gnr. 50, bnr. 1 i Haus; og desse
2 bruka (bnr.1 og bnr.3 av gnr. 50) skal drivast saman som
eitt bruk. Det er ein føresetnad for ^asilet at ved overdrag-
inga til Kaare Veseth er han åleine eigar av og har grunnboks-
heimelen til heile gnr. 50, bnr. 1.

Ei kvar framtidig frådeling frå gnr. 50, bnr. 3 i Haus, utan omsyn til storleiken på det som skal frådelast, kan berre gjerast når fylkeslandbruksstyret har gjeve samtykke til frådelinga.

----- . Når vi tek omsyn til dei kostnader, utgifter, tap m.m. som Kaare Veseth har plikt til å dekkja for staten, kan den stempelpliktige summen etter denne kontrakt reint skjønsmessig kanskje setjast til kr. 26.000,-."

Kjøpesummen, kr. 25.000,-, har Kaare Veseth ordna.

Bergen, 30/12 - 1963.

Hordaland landbruksselskap
Fylkeslandbruksstyret

Lars Grinde (s)

**Formann i Hordaland
fylkeslandbruksstyre.**